

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018**

**Gustav Bahus, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

Stryke «mogleg»»

**Marthe Hammer, SV**, sette på vegner av heile utvalet fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet meiner at statlige økonomiske støtteordningar til fylkeskommunane for å legge om til null-og lågutslepp innan samferdsle, bør aukast og innrettast slik at ein kan realisere dei regionale og nasjonale klimamålene.»

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen kjem tilbake til finansiering av tiltak i handsaming av handlingsprogram for Miljøløftet.
3. Fylkesutvalet meiner at statlige økonomiske støtteordningar til fylkeskommunane for å legge om til null-og lågutslepp innan samferdsle, bør aukast og innrettast slik at ein kan realisere dei regionale og nasjonale klimamålene